

BREMANGER KOMMUNE**MØTEBOK****KONTROLLUTVALET I BREMANGER KOMMUNE**

Møtestad:	Kommunestyresalen	Møtedato:	27.05.2013	Frå kl. :	12:00
				Til kl. :	15:20

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
1. Harry Gulestøl, Skulevegen 9, 6723 Svelgen(Leiar)	x		
3. Leni Lisæter, 6729 Kalvåg		x	Permisjon
3. Leo Cirotzki, Lia 13, 6723 Svelgen. (Nestleiar)	x		
4. Inger Rise Hallset, Rise, 6723 Svelgen	x		
5. Rune Nordbotten, 6723 Svelgen.	x		

Personlege varamedlemmer :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
1. Joar Arøen, Krovegen 30, 6723 Svelgen		x	Forfall
2. Are Kjelkenes, Kjelkenes, 6723 Svelgen.	x		
3. Anne Sofie Hauge Igland, 6727 Bremanger.		x	Forfall
4. Gjert Kåre Solheim, 6723 Svelgen.		x	Forfall
5. Sigrid Solheim, Kjelkenes, 6723 Svelgen		x	Forfall

Ordføreren har møte og talerett i utvalet:
Ordfører Karl Vidar Førde og rådmann Tom Joensen får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.

Andre som møtte :
SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat v/ Asgeir Tveit i sak 13 - 14/13 og 25 - 27/13
KRYSS-revisjon v/Charles Litsheim og Trine Vokuhl
Rådmann Tom Joensen i sak 015/13 - 24/13
Ordfører Karl Vidar Førde
Økonomisjef Reidar Håvardstun 15-24/13
Skattoppkrevjar Bjørg Nesbø 023/13.
Kommunalsjef oppvekstsektoren Gunnar Skjøberg 021/13.
Driftssjef familie og helse Anita Brevik 022/13.

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :**SAKLISTA I MØTET :**

Sak 013/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 014/13 Skriv og meldingar.
Sak 015/13 Årsrekneskapen -- Bremanger kommune.
Sak 016/13 Frøysjøterminalen KF- Årsrekneskapen 2012.
Sak 017/13 Bremanger Hamm og Næring KF -- Årsrekneskapen 2012.
Sak 018/13 Svelgen idrettshus -- Årsrekneskapen
Sak 019/13 Bremangerhallen -- Årsrekneskapen 2012.
Sak 020/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren»
Sak 021/13 Orientering om avvik i høve Fylkesmanne sitt tilsyn med barnehagane.
Sak 022/13 Orientering - Tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøk. og evalu. av hjelpetiltak til heimebuande barn.
Sak 023/13 Orientering -- Skatteoppkrevjaren.
Sak 024/13 Orientering om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.
Sak 025/13 Overordna analyse -- Plan for forvaltningsrevisjon -- Bremanger kommune.
Sak 026/13 Retting av opplysningar i brev til Fylksmannen.
Sak 027/13 Oppfølgingsliste-3 2013 og merknadar - Bremanger kommune

UNDERSKRIFTER :

Harry Gulestøl(leiar)

Leo Cirotzki (nestleiar)

Are Kjelkenes

Inger Rise Hallset

Rune Nordbotten

Vidar Øvrebø (sekretær)

013/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	013/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

014/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	15.05.2013	014/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 08-13 Kst sak 23/13 «Kontrollutvalssak 003-13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016
Bremanger.

SM 08-13 E-post den 16.05.2013 frå Terje Førde i KRYSS-revisjon til Vidar Øvrebø i SEKOM-
sekretariat – «Kvalitetskontrollar av KRYSS-revisjon», med vedlegg.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

015/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 14.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2012	015/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Fråsegn frå kontrollutvalet i Bremanger kommune, datert 27.05.2013.
- Rekneskap 2012. (Sendt frå kommunen).
- Årsmelding 2012. (Sendt frå kommunen).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Bremanger kommune, datert 27.05.2013.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Bremanger kommune, datert 27.05.2013.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2012 - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Bremanger

Svelgen 27.05.2013

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR BREMANGER KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Bremanger kommune er handsama i kontrollutvalet i Bremanger 27.05.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

Årsrekneskapen 2012.

Årsmeldinga 2012.

Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Årsrekneskapen er levert av administrasjonssjef. Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat (overskot) på kr. 23.682 millionar og eit netto driftsresultat (overskot) på kr. 7,705 millionar. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

Det er kommunestyret sitt ansvar å disponere resultatet i samsvar med regelverket.

Driftsbudsjettet på inntektssida var kr. 345,0 millionar. Rekneskapen viser kr. 354,4 millionar. Avviket er hovudsakleg på posten "Overføringar med krav til motyting" der bl. a. refusjonar frå NAV ligg. Elles er det små avvik i høve til budsjett på inntektssida.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 313,0 millionar. Rekneskapen viser kr. 330,8 millionar. Fleire av postane har avvik i høve til budsjett. Posten «Overføringar» peikar seg ut med stort overforbruk.

Brutto driftsresultatet er kr. 8,2 millionar dårlegare enn budsjettert.

Resultat for eksterne finanstransaksjonar er kr. -27,6 millionar (underskot) mot budsjettert kr. -18,6 millionar. Det går fram av driftsrekneskapen at det er bokført tap på finansielle instrument med kr. 9,0 millionar. Posten er budsjettert med kr. 0,-. Det vert vist til omtale i årsmeldinga side 7 og 22.

I budsjett for 2012 var det rekna med ei inndekking av tidlagare års underskot med kr. 20.400.000,-. Rekneskapen viser innekking på kr. 8,696 mill. Etter dette er akkumulert rekneskapsmessig meirforbruk auka til kr. 170,7 mill. Det vert vist til «Økonomisk oversikt – drift» og til «Oversikt – balanse». Revisor har presisering om tilhøvet i revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet viser til side 1 i dokumentet "Rekneskap 2012" som syner budsjett og resultat til einingane og til side 8 – 17 i årsmeldinga der avvika vert kommenterte. Samla har einingane resultat nært i balanse med justert budsjett.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekket beløp på kr. 4,6 millionar. Av balansen går det fram at akkumulert udekket beløp i investeringsrekneskapen utgjer kr. 9,2 millionar. Det vert vist til rådmannen sin omtale av investeringsrekneskapen i årsmelding side 24. Det vert også vist til revisor si presisering i revisjonsmeldinga om tilhøvet.

Arbeidskapitalen til Bremanger kommune er negativ, jfr. note 1 i rekneskapen. Det vert vist til rådmannen sin kommentar om likviditetssituasjonen på side 3 i årsmeldinga. Rådmannen skriv at kommunen har god tilgang på likvide midlar.

Balanseoversikta viser at den samla gjelda til kommunen har auka og at kommunen har negativ eigenkapital. Gjeldsgrada er stabil og er endra frå 119,1 i 2011 til 118,9 i 2012.

Regelverket for kommunane si finansforvaltning er endra gjennom ny forskrift og nytt finansreglement i 2010. Kommunen si finansforvaltning er omtalt i årsmeldinga punkt 5. side 20.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsrekneskapen og årsmeldinga frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har to presiseringar.

Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2012, med presiseringane til revisor, bør godkjennast slik han ligg føre.


Harry Gulestøl (S)
-leiar-

Leo Cirotzki (S)

Are Kjelkenes (S)

Inger Rise Hallset (S)

Rune Nordbotten (S)


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

016/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - FRØYSJØTERMINALEN KF

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.05.2013	016/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 19.03.2013.
- Årsrekneskapen 2012 m/årsmelding og nota.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 19.03.2013.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2012 for Frøysjøterminalen KF kan godkjennast slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 19.03.2013.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2012 for Frøysjøterminalen KF kan godkjennast slik han ligg føre.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2012 - FRØYSJØTERMINALEN KF

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing -- Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2012 for Frøysjøterminalen KF.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen er lagt fram av Styret for Frøysjøterminalen.

Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon er datert 19.03.2013. Rekneskapen viser eit driftsresultat på kr. 703.966,28 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 531.945,28. Mindreforbruket er tilført eigenkapitalen pr. 31.12.2012.

I revisjonsmeldinga kjem det til uttrykk at rekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter, og at rekneskapen gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2012.

Sekretariat gjer merksam på at i alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjer innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utførte i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Revisor har ikkje presiseringar eller atterhald til rekneskapen i revisjonsmeldinga. Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

017/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR BREMANGER HAMN OG NÆRING KF

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.05.2013	017/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsmelding 2012 frå Kryss-revisjon, datert 19.03.13.
- Årsrekneskap med årsmelding datert 13.02.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Hamnelova
- Forskrift om kontrollutval.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 19.03.13.
 - Kontrollutvalet har ikkje merknader til at årsrekneskapen 2012 for Bremanger Hamn og Næring KF vert godkjent slik han ligg føre.
-

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 19.03.13.
 - Kontrollutvalet har ikkje merknader til at årsrekneskapen 2012 for Bremanger Hamn og Næring KF vert godkjent slik han ligg føre.
-

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR BREMANGER HAMN OG NÆRING KF

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2012 for Bremanger Hamn og Næring KF.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen er lagt fram av styret for Bremanger Hamn og Næring den 13.02.2013. Revisjonsmeldinga er datert 19.03.2013. Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat (overskot) på kr. 552.104,77 og eit netto driftsresultat (overskot) på kr. 209.340,77. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr.16.513,03.

Det er kommunestyre sitt ansvar å disponere resultatet og å gjere dette i samsvar med regelverket. Resultatet for hamnedelen må også disponerast i samsvar med lov om hamner og farvatn (hamnelova).

I revisjonsmeldinga kjem det til uttrykk at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.desember 2012 og for resultatet i rekneskapsåret, som er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Revisor har ingen presiseringar eller atterhald i revisjonsmeldinga.

Sekretariat gjer merksam på at i alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjer innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmeldinga føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale. Som nemnt må den delen av resultatet som gjeld hamn forutan å bli disponert i samsvar med dei kommunale rekneskapsforskriftene også disponerast i samsvar med lov om hamner og farvatn.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utførte i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

018/13 REKNESKAPEN 2012 – SVELGEN IDRETTSHUS

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.05.2013	018/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
- Årsrekneskapen 2012.
- Årsrapport 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at årsrekneskapen 2012 for Svelgen Idrettshus vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at årsrekneskapen 2012 for Svelgen Idrettshus vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

REKNESKAPEN 2012 – SVELGEN IDRETTSHUS

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2012 for Svelgen Idrettshus.

Saksopplysningar:

Resultatrekneskapen 2012 for Svelgen Idrettshus er lagt fram for revisjonen. Vedlagt rekneskapen er det også ein fyldig årsrapport. Revisjonsuttalen er datert 15.04.2013. Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr. 25.070,04. Overskotet er disponert til «Tilbakeføring til brukarane».

Revisor uttrykkjer at rekneskapen er ført i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, og at han gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2012.

I alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsuttalen føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Av driftsavtale mellom Bremanger kommune og driftsstyret for Svelgen Idrettshus, går det fram at Bremanger kommune skal godkjenne budsjettet og at det kvart kalenderår skal leggest fram revidert rekneskap for drifta. Her går det også fram at eit eventuelt driftsunderskot skal dekkast av Bremanger kommune, medan driftsoverskot skal kunne disponerast av driftsstyret. På bakgrunn av denne avtalen står overskotet til disposisjon for driftsstyret.

Administrasjonen v/rådmann er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utført i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Revisor har ikkje merknader til rekneskapen. Sekretariatet vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen til Svelgen Idrettshus kan godkjennast slik han ligg føre.

019/13 REKNESKAPEN 2012 – BREMANGERHALLEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.05.2013	019/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
- Årsrekneskapen 2012.
- Årsmelding 2012 datert 13.04.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2011 for Bremangerhallen kan godkjennast slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2012 for Bremangerhallen kan godkjennast slik han ligg føre.

Saksutgreiing

REKNESKAPEN 2012 – BREMANGERHALLEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2012 for Bremangerhallen.

Saksopplysningar:

Resultatrekneskapen 2012 og årsmelding for Bremangerhallen er lagt fram for revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 15.04.2013. Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr. 21.127,89. I rekneskapen er overskotet disponert til «Tilbakeføring til brukarane».

Revisor uttrykkjer at rekneskapen er ført i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, og at han gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2012.

I alle rekneskapsaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsuttalen føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Av driftsavtale mellom Bremanger kommune og driftsstyret for Bremangerhallen, går det fram at Bremanger kommune skal godkjenne budsjettet, og at det kvart kalenderår skal leggast fram revidert rekneskap for drifta. Her går det også fram at eit eventuelt driftsunderskot skal dekkast av Bremanger kommune, medan driftsoverskot skal kunne disponerast av driftsstyret. På bakgrunn av denne avtalen skal overskotet disponerast av driftsstyret for Bremangerhallen..

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utført i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Revisor har ikkje presiseringar eller atterhald til rekneskapen i revisjonsuttalen.

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen til Bremangerhallen for 2011 kan godkjennast slik han ligg føre.

020/13 OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	020/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Bremanger kommune – Orientering om oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», datert 16.04.2013.
- E-post frå teknisk sjef Magnhild Myklebust «Tilbakemelding etter forvaltningsrevisjon innan VAR-sektoren», datert 10. mai 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 010/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren»
- Revisjonsrapport: "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren", datert 03.10.2011.
- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
- Vedtak i kontrollutvalet - Forvaltningsrevisjonsprosjekt – "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren – Bremanger kommune.
- Vedtak kommunestyresak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 19.01.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen har følgd opp merknadane kommunestyret hadde i kommunestyresak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 19.01.2012. Og at det er gjort tiltak slik at:

- Alle relevante kostnader vert ført i sjølvkostrekneskapen.
- H-2140 vert nytta som rettesnor for arbeidet, og på grunnlag av desse retningslinjene er det utarbeidd Retningsliner for utrekning av gebyrgrunnlaget for VA-sektoren i Bremanger kommune, rutineskildring for utrekning av vass- og avlaupsgebyr for Bremanger kommune og malar for utrekning av gebyrgrunnlag vatn og avlaup. Sjølvkostutrekninga skjer på tilsvarande måte. Desse dokumenta vil bli reviderte i 2013 etter innspel frå kommunerevisjonen.
- Inndekkingsgrada på sjølvkostområdet er lagt inn som note til rekneskapen, og vert handsama av kommunestyret i samband med godkjenning av årsrekneskapen.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen har følgd opp merknadane kommunestyret hadde i kommunestyresak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 19.01.2012. Og at det er gjort tiltak slik at:

- Alle relevante kostnader vert ført i sjølvkostrekneskapen.
- H-2140 vert nytta som rettesnor for arbeidet, og på grunnlag av desse retningslinjene er det utarbeidd Retningsliner for utrekning av gebyrgrunnlaget for VA-sektoren i Bremanger kommune, rutineskildring for utrekning av vass- og avlaupsgebyr for Bremanger kommune og malar for utrekning av gebyrgrunnlag vatn og avlaup. Sjølvkostutrekninga skjer på tilsvarande måte. Desse dokumenta vil bli reviderte i 2013 etter innspel frå kommunerevisjonen.
- Inndekkingsgrada på sjølvkostområdet er lagt inn som note til rekneskapen, og vert handsama av kommunestyret i samband med godkjenning av årsrekneskapen.

OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak etter gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», den 19.01.2012.

Saksopplysningar:

Etter § 12 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyrevedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Vidare skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt følgt opp.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», vart lagt fram for kontrollutvalet den 14.11.2011. Kommunestyret handsama rapporten i sak 010/12 ” Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren ” i møte 19.01.2012, og gjorde følgjande vedtak:

- *Kommunestyret viser til forvaltningsrapport - ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren”, datert 03.10.2011.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen å føre alle relevante kostnader inn i sjølvkostrekneskapen.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen om å nytte H-2140 som rettesnor for arbeidet med rutinar for sjølvkostområdet.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen om å leggje fram sak til kommunestyret om inndekkingsgrada på sjølvkostområdet.*

Det vert vist til rapporten ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren”, datert 03.10.2011.

Kommunestyret har gjort konkret vedtak i saka. Kontrollutvalet skal, som nemnt, sjå til at vedtaket er følgt opp av administrasjonen. Kontrollutvalet skal også rapportere tilbake til kommunestyret kva som er gjort i høve til merknadane dei hadde til rapporten.

I Brev den 16.04.2013 ber kontrollutvalet om ei skriftleg tilbakemelding på kva som er gjort i høve til kommunestyrevedtak 010/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren.

I e-post den 10. mai 2013 gir teknisk sjef Magnhild Myklebust ei skriftleg tilbakemelding etter forvaltningsrevisjon innan VAR-sektoren.

Sekretariatet sine vurderingar:

021/13 ORIENTERING – OM FYLKESMANNEN SITT TILSYN MED BARNEHAGANE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	021/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

E-post frå kontrollutvalet til Bremanger kommune «Orientering om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane», den 17.04.2013.

Fylkesmannen sin tilsynsrapport etter tilsyn etter barnehagelova den 28.06.2012

E-post frå kommunalsjef oppvekst Gunnar Skjølberg – «Tilsynsrapportar Fylkesmannen», datert 26. mars 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Fylkesmannen sin tilsynsrapport etter tilsyn etter barnehagelova den 28.06.2012
- E-post frå kommunalsjef oppvekst Gunnar Skjølberg – «Tilsynsrapportar Fylkesmannen», datert 26. mars 2013
- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 24.10.2012
- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 29.11.2012
- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 18.03.2013
- Kontrollutvalsak 006/13 «Oppfølgingsliste 1-2013 og merknadar – Bremanger»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kommunalsjef oppvekstsektoren orienterte:

- Har ikkje fått tilbakemelding frå innleigd konsulent vedrørende Svelgen Barnehage, Langnes Barnehage og Kalvåg Barnehage.
- Håpar også å få med skulane i den endelege godkjenninga.
- Ingen endeleg frist frå Fylkesmannen.
- Samarbeider no med Flora kommune med godkjenning av barnehagar.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Orientering frå administrasjonen vert teken til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – OM FYLKESMANNEN SITT TILSYN MED BARNEHAGANE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om Fylkesmannen sin tilsynsrapport etter tilsyn etter barnehagelova den 16.05.2012 og tilsvaret til rapporten til Fylkesmannen frå Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Den 16.05.2012 hadde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilsyn med barnehagane i Bremanger kommune.

I rapporten frå Fylkesmannen den 28.06.2012 går det fram at det vart avdekket eit avvik under tilsynet.

Avvik 1

«Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova»

Fylkesmannen har i samråd med Bremanger kommune sett frist for lukking av avviket i rapporten til den 19.10.2012.

Den 26. mars 2013 mottok kontrollutvalet e-post frå kommunalsjef oppvekst Gunnar Skjølberg med ei skriftleg orientering om saka.

I kontrollutvalsmøte den 15.04.2013 i sak 11/13 «Orientering – om fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane» vart det vedteke å kalle inn rådmannen for å gje ei orientering om status i arbeidet med lukking av avvik i rapporten.

Administrasjonen i Bremanger kommune er pr. brev 17.04.13 varslet om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei orientering vedrørande status i arbeidet med lukking av avvik i rapporten.

Rapporten er vedlagt.

Sekretariatet sine vurderingar:

022/13 ORIENTERING – TISYN MED KOMMUNEN SITT ARBEID OG EVALUERING AV HJELPETILTAK TIL HEIMEBUANDE BARN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	022/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til rådmannen den 22.04.2013 «Orientering - rapport frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar, evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn».

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 006/13 Oppfølgingsliste 1-2013 merknadar – Bremanger den 15.04.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

Adminstrasjonen orienterte om:

Avvik 1

- Internkontrollen for Barneverntenesta i Bremanger kommune har blitt oppdatert.
- Bremanger kommune er no i ferd med å innføre "kvalitetslosen".
- Avviket er lukka.

Avvik 2

- Avviket har blitt lukka.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orientering vert teken til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – TISYN MED KOMMUNEN SITT ARBEID OG EVALUERING AV HJELPETILTAK TIL HEIMEBUANDE BARN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Bramanger kommune orienterer om avvik i «Rapport frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar, evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn i Bramanger kommune»

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 006/13 Oppfølgingsliste 1-2013 merknadar – Bramanger den 15.04.2013.

- *Kontrollutvalet vil til neste møte ha følgjande sak på saklista:
Orientering om tiltak i høve til avvik i barnevernet.*

I rapport frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane «Rapport frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar, evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn i Bramanger kommune» av 06.01.2012 vart det avdekka 2 avvik.

Avvik 1: Bramanger kommune sikrar ikkje barn sin rett til medverknad i undersøkings- og evalueringsfasen.

Avvik 2: Bramanger kommune sikrar ikkje at hjelpetiltak til heimebuande barn blir tilstrekkelig evaluert.

Kontrollutvalet ber difor rådmannen i brev den 22.04.2013 «Orientering - rapport frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar, evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn», om å orientere om tiltak i høve til avvik i rapporten frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

023/13 ORIENTERING – SKATTEOPPKREVJAREN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	023/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til rådmannen den 17.04.2013 «Orientering -- skatteoppkrevjarfunksjonen i Bremanger kommune»

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kontrollutvalssak 008/13 Skriv og meldingar

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

-
- Har vore sjukdom i etaten i 2012.
 - Har målsetting om å foreta 8 arbeidsgivarkontrollar i 2013.
 - Resursane i avdelinga er eit heilt årsverk, i tillegg til ein 30% stilling.
 -

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orienteringa frå administrasjonen vert teken til vitande.

ORIENTERING – SKATTEOPPKREVJAREN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Bramanger kommune orienterer arbeidet til skatteoppkrevjaren.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 008/13 «Skriv og meldingar», den 15.04.2013

- *Ad SM 09/13 "Kontrollrapport 2012 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Bremanger kommune." Kontrollutvalet ber rådmannen v/skatteoppkrevjaren om ei generell orientering om arbeidet til Skatteoppkrevjaren. Kontrollutvalet vil også be skatteoppkrevjaren orientere om uteståande restansar og tal utførte arbeidsgjevarkontrollar i Bremanger kommune. Rådmannen vert kalla inn i saka for å gje ei munnleg orientering.*

Kontrollutvalet ber difor rådmannen i brev den 17.04.2013 «Orientering skatteoppkrevjarfunksjonen», om å gje ei kort orientering om arbeidet til Skatteoppkrevjaren, samt gje ei orientering om uteståande restansar og tal utførte arbeidsgjevarkontrollar i Bremanger kommune.

024/13 ORIENTERING – INNKJØPSFUNKSJONEN I BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	024/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til rådmannen «Orientering om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune», den 16.04.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering
- Sak 008/13 Skriv og meldingar

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

Rådmannen orienterte om:

- Det er i gang eit prosjekt på e-handel saman med fleire kommunar i fylket.
- Det vert arbeida med å få ein større skriflegheit på innkjøp for kunne dokumentere dette mot leverandør.
- Det skal utarbeidast nytt innkjøpsreglement i løpet av 4. Kvartal i 2013. Implementering skal gjennomførast i løpet av 2014.
- Det skal også utarbeidast fullmaktsmatrise på innkjøp.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

ORIENTERING – INNKJÅØPSFUNKSJONEN I BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Bremanger kommune orienterer om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Den 27.02.2012 orienterte rådmannen kontrollutvalet om innkjøpsrutinar i Bremanger kommune. I vedtaket i saka ber kontrollutvalet om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørende innkjøpsordningar. Kontrollutvalet har ikkje motteke den nemnde dokumentasjon.

I kontrollutvalsmøte i Bremanger den 15.04.2013 i sak 008/13 «Skriv og meldingar» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Ad SM 12/13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulestøl – «Er leverandørane/kundane til kommunen nøgde?», datert 4. april 2013.*

Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet som det vart orientert om i sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering ved rådmann den 27.02.2012.

I Brev den 16.04.2013 ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.

025/13 OVERORDNA ANALYSE - PLAN FORVALTINGSREVISJON 2013 – 2016 - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 16.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	025/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- E-post frå Sekom sekretariat til Bremanger kommune, datert 15.05.2013.
- Brev frå Kryss revisjon til Bremanger kommune, datert 23.04.2013.
- Notat frå kontrollutvalet til Bremanger kommune, datert 18.04.2013.
- Brev frå KRYSS revisjon til Sekom sekretariat, datert 13.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 026/11, 28/12, 03/13 og 08/13..

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå sekretariatet sine vurderingar.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalssak 25/13 vart trekt frå møtet.

Saksutgreiing

OVERORDNA ANALYSE - PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2013 - 2016- BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Revurderingar i overordna analyse.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 15.04.2013 gjorde kontrollutvalet med grunnlag i diverse skriv og meldingar som låg føre i møtet bl.a. følgjande vedtak i sak 008/13 Skriv og meldingar: *Ad SM 12/13 Brev frå Leo Cirotzki til kontrollutvalet v/leiar Harry Gulestøl – «Ref overordna analyse datert 26.10.2012», datert 04.03.2012 – Kontrollutvalet sender eit notat som tillegg til sak 003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 Bremanger kommune. Notatet skal innehalde essensen frå avsnitt 3, 4 og 5 i brev frå Leo Cirotzki.*

18.04.2013 har kontrollutvalet v/dagleg leiar i Sekom sekretariat sendt notat til Bremanger kommune, slik som det går fram av vedtaket. Notatet ligg ved saka.

23.04.2013 har KRYSS revisjon sendt brev til Bremanger kommune der dei kjem med reaksjonar på måten kontrollutvalet har gått fram på. Det vert vist til brevet, som ligg ved, for detaljar.

15.05.2013 har Sekom sekretariat etter samtale med kontrollutvalsleiar sendt e-post til rådmann og ordførar i Bremanger kommune og bede om å få tilsendt ovanfor nemnde brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune, og samstundes varsla om at kontrollutvalet vil ta saka opp på nytt i kontrollutvalsmøtet 27.05.2013.

13.05.2013 har KRYSS revisjon sendt brev til SEKOM sekretariat der dei påpeikar at dei ikkje har fått høve til å uttale seg vedrørande nemnde notat og at dei krev innsyn i saka.

Revisor vert kalla inn i saka.

Sekretariatet sine vurderingar.

Sekretariatet legg fram saka med følgjande alternativ til vedtak:

1. Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram, slik som det går fram av sak 03/13 Plan for forvaltningsrevisjon.
2. Kontrollutvalet ber om KRYSS revisjon sin uttale til notat før saka på nytt vert sett opp på saklista i kontrollutvalet.

026/13 RETTING AV OPPLYSNINGAR I BREV TIL FYLKESMANNEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	026/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Brev frå Sekom sekretariat til KRYSS revisjon.
-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalsak 08/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet trekkjer brev til KRYSS revisjon, datert 16.04.2013 om retting av opplysningar i brev til fylkesmannen.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Saka vert utsett til neste møte.

Saksutgreiing

RETTING AV OPPLYSNINGAR I BREV TIL FYLKESMANNEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Brev frå kontrollutvalet til KRYSS revisjon

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 15.04.2013 gjorde kontrollutvalet med grunnlag i SM 13-13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulestøl – «Brev til fylkesmannen om samansetning av kontrollutval Bremanger kommune», datert 04.04.2013 og SM 17-13 «E-post frå kommunerevisor Trine Vokuhl til kontrollutvalet – KU-møte 28.11.2013», datert 30.11.2013 bl.a. følgjande vedtak i sak 008/13 Skriv og meldingar:

Kontrollutvalet peikar på at det er fleire faktafeil i brev til fylkesmannen enn det som er nemnt i ovannemnde e-post. Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon sende ei presisering til fylkesmannen på dei tre punkta som er nemnde i SM 13-13.

16.04.2013 har kontrollutvalet v/dagleg leiar i Sekom sekretariat skrive brev til KRYSS revisjon og bede dei om å sende ei retting til Fylkesmannen på dei opplysningane som har vore feil.

03.05.2013 har KRYSS revisjon sendt brev til Sekom sekretariat der dei peikar på at kontrollutvalet ikkje har instruksjonsrett overfor revisor.

Sekom sekretariat innser at så er tilfelle og rådar kontrollutvalet til å trekkje brevet.

027/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.05.2013	027/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 3-2013 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingslista 3-2013 Bremanger vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 OG MERKNADER – BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 16.05 2013

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11	Oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapporten.	14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – - Vedrørande SM 03-12: Kontrollutvalet ber om å få tilsvaret frå kommunen. Kontrollutvalet vil oppmode om at ein set i verk tiltak snarast uavhengig av frist frå Fylkesmannen. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune. 29.05.12 Svar vedlagt KU sak 012/12 SM 11-12. 29.05.12 Lat sak om SM 03-12 stå.
003/12 Innkjøpsrutinar – orientering v rådmannen	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU: 1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørande innkjøpsordningar. 2. Elles blir orienteringa frå rådmannen teken til vitande. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune.
026/12 Skriv og meldingar	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU - Vedrørande SM 46-12: Det vert purra på tilsvar frå Bremanger kommune til Fylkesmannen på rapport etter tilsyn med Bremanger kommune etter bl.a. barnehagelova, datert 28.06.2012. 29.11.12 Brev til Bremanger kommune. ???.?? Svar motteke SM 05-13. Skriv og meldingar vert elles tekne til vitande.
027/12 Vurdering av kontrakt og habilitet i samb med kommunikasjon mellom KRYSS revisjon og FHU i Bremanger.	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU: - - Kontrollutvalet tek saka til vitande.
028/12 Overordna analyse.	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU.
029/12 Plan for selskapskontroll	28.11.12		28.11.12 Tilråding til kst. 28.11.12 s. kst. 13.12.12 Vedtak kst sak 109/12.
002/13 Skriv og medlingar	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: Ad SM 05-13: Kontrollutvalet ber om tilsvaret som Bremanger kommune gav Fylkesmannen etter rapport om Tilsyn etter barnehagelova. Ad SM 06-13: Kontrollutvalet ber om å få rapport etter selskapskontroll utført av

			<p>kontrollutvalet i Fylkeskommunen framlagt som sak i neste møte i kontrollutvalet.</p> <p>Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.</p> <p>18.03.13 E-post Purring om tilsyn etter barnehagelova.</p>
003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 - 2016	25.02.13		<p>25.02.13: Vedtak KU: Tiltråding av plan til kommunestyret.</p> <p>- 28.02.13 Plan sendt til Kst.</p>
004/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet	25.02.13		<p>25.02.13: Vedtak KU:</p> <p>28.02.13 Årsmelding sendt til Kst.</p>
005/13 Møteplan 2013	25.02.13		<p>25.02.13: Vedtak KU: Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger vert godkjent.</p>
006/13 Oppfølgingsliste 1-2013 – merknadar - Bremanger	25.02.13		<p>25.02.13: Vedtak KU:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet vil til neste møte ha følgjande sak på saklista: - Oppfølging av kommunestyret sine merknadar til rapporten om Sjølvkostberekningar VAR-sektoren. - Orientering om tiltak i høve til avvik i barnevernet. <p>Frist for lukking av avvik er 19.10.2012.</p>
007/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet ber sekretariatet setje på sluttidspunkt på framtidige møteinnkallingar til kontrollutvalet.</p>
008/13 Skriv og medlingar	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: Ad SM 07/13 Selskapskontroll (Eigarskapskontroll) – Firda Billag AS. Utført av SF Revisjon på oppdrag av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune i 2011. Kontrollutvalet sender rapporten til kommunestyret til orientering.</p> <p>Ad SM 09/13 "Kontrollrapport 2012 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Bremanger kommune." Kontrollutvalet ber rådmannen v/skatteoppkrevjaren om ei generell orientering om arbeidet til Skatteoppkrevjaren. Kontrollutvalet vil også be skatteoppkrevjaren orientere om uteståande restansar og tal utførte arbeidsgjevarkontrollar i Bremanger kommune. Rådmannen vert kalla inn i saka for å gje ei munnleg orientering.</p> <p>Ad SM 10/13 Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon om å få lagt fram kontrollrapporten etter siste kontroll som KRYSS-revisjon har vore gjenstand for. Ref side 123 i kontrollutvalsboka.</p> <p>Ad SM 11/13 Brev frå Leo Cirotzki til kontrollutvalet v/leiar Harry Gulesøl – «Ref overordna analyse, datert 26.10.2012», Datert 04.03.2013.</p> <p>- Kontrollutvalet sender eit notat som tillegg</p>

		<p>til sak 003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 - 2016 Bremanger kommune. Notatet skal innehalde essensen frå avsnitt 3,4 og 5 i brev frå Leo Cirotzki datert 04.03.2013.</p> <p>Ad SM 12/13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulesøl – «Er leverandørane/kundane til kommunen nøgde?», datert 4. april 2013.</p> <p>Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet som det vart orientert om i sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering ved rådmann den 27.02.2012.</p> <p>Ad SM 16-13 Fagkonferanse kontroll og tilsyn, Gardermoen 5-6 juni 2013. Kontrollutvalsleiar Harry Gulestøl vil bli meldt på fagkonferanse. Sekretariatet melder på.</p> <p>Ad SM 17/13 E-post frå kommunerevisor Trine Vokhul til kontrollutvalet «KU møte 28. nov. 2012» datert 30.11.2012. (Lagt fram i møte). Kontrollutvalet peikar på at det er fleire faktafeil i brev til fylkesmannen enn det som er nemnt i ovannemnde e-post. Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon sende ei presisering til fylkesmannen på dei tre punkta som er nemnde i SM 13/13.</p> <p>17.04.13 Brev til KRYSS-revisjon – «Retting av informasjon til Fylkesmannen».</p> <p>17.04.13 Brev til Bremanger kommune - Orientering om innkjøpsfunksjonsn til Bremanger.</p> <p>17.04.13 Brev til KRYSS-revisjon - «Kontrollar hjå revisor»</p> <p>17.04.13 Brev til Bremanger kommune - Orientering skatteoppkrevjar Bremanger kommune.</p> <p>17.04.13 Selskapskontroll Firda Billag til Kst til orientering.</p> <p>18.04.13 Sendt notat - til kommunestyret til sak 003/13 Plan for forvaltningsrev.</p>
009/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	15.04.13	<p>15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 09. januar 2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.</p> <p>17.04.13 Sak 09/13 Vurdering av oppdragsansv. revisor sin uavhengigheit til kst. til orientering.</p>

010/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapp ort – Sjølvkostberekningar VAR sektoren»	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: SEKOM-sekretariat får i oppgave å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», den 19.01.2012.</p> <p>16.04.13 Brev til Bremanger kommune – svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 010/12</p>
011/13 Orientering om Fylkeamannen sitt tilsyn med barnehagane.	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte for å gi ei orientering vedrørende status i arbeidet med lukking av avvik i rapport av 28.06.2012 etter Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.</p> <p>17.04.13 Brev til Bremanger kommune – «Orientering Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane».</p>
012/13 Oppfølgingsliste 2-2013 – merknadar - Bremanger	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 006/13 Oppfølgingsliste 1-2013 merknadar - Bremanger:</p> <p><i>Kontrollutvalet vil til neste møte ha følgjande sak på saklista: Orientering om tiltak i høve til avvik i barnevernet.</i></p> <p>Kontrollutvalet ynskjer difor å kalle inn rådmannen til neste møte for å orientere om tiltak i høve til avvik i Rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn i Bremanger kommune, datert 06.01.2012. på neste møte.</p> <p>22.04.13 Brev til rådmannen - «Rapport frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar, evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn i Bremanger kommune»</p>

Oppdatert 16.05.13.